



Rettleiingshefte for
**Tilskotsordningar i Regionalt miljøprogram
for Rogaland**
2016

Søknadsfrist 20. august

3. august 2016

Regionalt miljøprogram er eit økonomisk verkemiddel over jordbruksavtalen. Programmet bygger på Nasjonalt miljøprogram, og er fastsett av Fylkesmannen i Rogaland i samråd med Rogaland Bondelag, Noregs Bonde- og Småbrukarlag. Det regionale partnarskapet som i tillegg inkluderer kommunane, Rogaland fylkeskommune og Norsk landbruksrådgiving Rogaland har vore involvert i prosessen.

Søknadar skal leverast elektronisk på www.landbruksdirektoratet.no eller på papir til kommunal landbruksforvaltning. Dei fleste tiltaka som det kan søkjast tilskot til skal teiknast inn på kart.

Innhold

Innleiing	3
1. Generelle reglar	4
Kven kan få årleg tilskot til miljøtiltak?	4
Føretak som har rett til produksjonstilskot i jordbruket	4
Vilkår	4
Søknadsfrist og teljedato	4
Kart som viser områdeavgrensning	5
2. Omtale av ordningane	6
Kulturlandskap	6
Slått av lokalt verdifulle jordbrukslandskap	6
Beite av lokalt verdifulle jordbrukslandskap	7
Skjøtsel av bratt areal	8
Biologisk mangfold	9
Skjøtsel av slåttemark	9
Skjøtsel av kystlynghei	10
.....	11
Skjøtsel av styvingstrær	11
Slått av biologisk verdifulle areal	11
Beite av biologisk verdifulle areal	12
Tilrettelegging av fuglebiotop	12
Kulturminne	13
Skjøtsel av gravminne	14
Skjøtsel av andre automatisk freda kulturminne	14
Friluftsliv	15
Vedlikehald av ferdelsårar i jordbrukslandskapet	15
Avrenning til vassdrag og kyst	17
Fangvekstar etter hausting	17
Ugjødsla randsone i eng	18
Vegetasjonssone	18
Vedlikehald av fangdammar	19
Miljøavtale	20
Miljøvenleg spreiling av husdyrgjødsel	21
Nedlegging eller nedfelling	22
Bruk av tilførselsslangar	22
Spreiling med rask nedmolding	22

1. Innleiing

Dette heftet inneholder informasjon om tilskotsordningane i Regionalt miljøprogram for jordbruket i Rogaland. Miljøprogrammet blei innført i 2005, og er ein del av dei årlege jordbruksforhandlingane. Tilskota skal gå til føretak som gjer viktig miljøarbeid i jordbruket, og som har rett til å søkje om produksjonstilskot. Programmet er utarbeidd i det regionale partnarskapet, og blir fastsett av Fylkesmannen i samråd med Rogaland Bondelag og Rogaland bonde- og småbrukarlag. Rogaland har i 2016 kr 31,5 millionar kroner til fordeling.

I år vil søknadsmateriell berre vere tilgjengeleg digitalt. Søknaden skal leverast digitalt eller på papir. Ønskjer du å nytte papirsøknad kan du anten sjølv skrive ut denne, eller be kommunen om papirsøknad. Papirsøknadar skal du levere til kommunen saman med kart som viser kvar det blir gjort tiltak. Landbruksforvaltninga i kommunen skal kunne gi rettleiing om tilskotsordningar og søknadsskjema.

Du kan søkje elektronisk. Har du søkt tidlegare kan du hente kartdata frå tidlegare søknadar.

Kva er nytt i 2016 samanlikna med 2015?

- ✓ Teljedato for sau er 31.juli
- ✓ Tilskot til bevaringsverdige husdyrrasar har blitt innlemma i produksjonstilskot, og går ut av Regionalt miljøprogram
- ✓ Tilskot til dyr i utmark er tatt ut
- ✓ Tilskot til setring er tatt ut
- ✓ Endringar i tilskot til kystlynghei.
- ✓ Endringar i tilskotsområde for Lysefjordordninga – slått og beite av lokalt viktige jordbrukslandskap, øyer, holmar og veglause område
- ✓ Endringar i område med miljøavtale
- ✓ Endringar i førebelse tilskotssatsar

***Informasjon om Regionalt miljøprogram ligg på heimesida til Fylkesmannen i Rogaland:
www.fylkesmannen.no/rogaland***

Dersom du driv slik at du er kvalifisert til støtte har du rett på tilskot. Du har likevel ansvar for å fylle ut søknadsskjema og levere det innan søknadsfristen. I dei neste avsnitta er det gjort greie for generelle vilkår for støtte og kva som gjeld spesielt for dei ulike ordningane. Det juridiske grunnlaget for denne støtta går fram av forskrift av 7. mai 2015 om tilskot til regionale miljøtiltak i jordbruket i Rogaland (RMP- forskriften for Rogaland fylke). Ved å lese informasjonen i dette heftet vil du truleg kunne avgjere om du har ei drift som kvalifiserer til støtte. Er du likevel i tvil, så kontakt landbruksforvaltninga i din kommune.

Opplysningane i søknaden skal vere korrekte. Er du i tvil på om du har rett til tilskot kontakt landbruksforvaltninga. Kommunane skal i hovudsak reagere økonomisk på feil i søknaden som ville gitt urettmessig utbetaling av tilskot.

2. Generelle reglar

Kven kan få årleg tilskot til miljøtiltak?

Føretak som har rett til produksjonstilskot i jordbruket

Tilskot til miljøtiltak i jordbruket i Rogaland kan bli gitt til alle føretak som har rett på produksjonstilskot. Vilkår for å få produksjonstilskot er gitt i forskrift av 22. mars 2002 nr. 283 om produksjonstilskot i jordbruket. Føretak som skal søkje regionalt miljøtilskot må på registreringsdato 31. juli i søknadsåret oppfylle vilkår for søknad om produksjonstilskot.

Areal og dyr som det blir gitt støtte til i både produksjonstilskot og i Regionalt miljøprogram må vere omsøkt av same føretak.

Tilskot kan bli gitt til alt areal føretaket disponerer (eigd, leidt og/eller forpaktat areal) i Rogaland. Å disponere eit areal vil seie at føretaket sjølv må utføre eller administrere oppgåver som jordarbeiding, gjødsling, plantevern, gjerdning, hausting/beiting og anna skjøtsel av arealet.

Dersom eit føretak disponerer areal, eller har beitedyr i eit anna fylke, gjeld Regionalt miljøprogram for det fylket arealet ligg i.

Vilkår

Alle som søker tilskot, og som disponerer jordbruksareal, må ha gjødslingsplan. Viss det på driftseininga er brukt plantevernmiddel må følgjande journalar vere på plass:

1. Sprøytejournal
2. Journal om beskyttelse av vannmiljø
3. Journal om integrert plantevern

Tiltaka det blir søkt tilskot til skal teiknast inn på kartportalen som er tilknytt RMP. Søkjer du på papir skal du saman med papirsøknaden levere kart som viser kvar tiltaka er gjort. I einskilde ordningar er det behov for skjøtsel utover det ein kan rekne som vanleg landbruksdrift. Dette går fram av informasjonen knytt til dei einskilde ordningane. T.d. kan det vere at skjøtsel skal omtalast, eller at det skal føreligge ein skjøtselsplan.

Det er eit generelt krav at kulturminne etter kulturminnelova som ligg på omsøkt areal ikkje blir øydelagde. Skjøtsel av automatisk freda kulturminne skal skje etter kontakt med, og i samsvar med kulturstyresmaktene sine faglege råd.

Søknadsfrist og teljedato

Søknadsfrist for tilskotsordningar i "Regionalt Miljøprogram for jordbruket i Rogaland" er **20. august**. Unnateke denne fristen er "Tilskot til årleg drift av beitelag" som har søknadsfrist **15. november**.

Ved for seint levert søknad, blir tilskotet redusert. Med mindre det er gitt dispensasjon frå søknadsfristen, blir det ved utrekning av tilskotet føretatt ein reduksjon på kr. 1000,- per yrkedag etter at fristen er gått ut. Søknadar som blir leverte seinare enn 20 verkedagar etter søknadsfristen vil bli avvist. Det blir berre gitt dispensasjon i særlege tilfelle.

Teljedato for ordningane er 31. juli. Då er det i tillegg frist for registrering av areal i Naturbasen, merking av tursti, avmerking av tursti på kart m.m. Område eller kulturlandskapselement som blir registrert etter teljedato, vil ikkje kunne få tilskot før året etter. For kvar ordning er det fastsett førebels tilskotssats. Tilskotssatsane kan bli endra.

Kart som viser områdeavgrensing



For nokre ordningar er det sett geografiske avgrensingar. Dette er gjort for å målrette ordningane mot dei områda der tilskot vil ha størst effekt.

Eventuelle nye grenser for ordningane skal godkjennast av Fylkesmannen i Rogaland. Grensene skal vere justerte innan 31.07 i søknadsåret. For einskilde ordningar er det også krav om at arealet eller tilskotsobjektet skal vere registrert i ulike register. Frist for oppdatering av desse registera er også 31.07.

Geografiske avgrensingar av tilskot ser du på heimesida Temakart Rogaland, regionalt miljøprogram:

www.temakart-rogaland.no/rmp

Har du område som ikkje er registrert i kartbasen, og som du meiner bør kvalifisere for tilskot?

Ta kontakt med landbruksforvaltninga i kommunen

3. Omtale av ordningane

Kulturlandskap



Bratt areal i Espedalen. Foto: Arne J. Lyshol

Fleire stader i Rogaland er gjengroing av kulturlandskapet eit aukande problem. Det opne og varierte landskapet er svært viktig for trivsel og busetnad. Reiselivet tener også på opne og vakre kulturlandskap.

Omstillinga i landbruket er stor. Tempoet i gjengroinga er så stor at det vil vere umogleg å stoppe utviklinga alle stader. I Regionalt miljøprogram har vi derfor valt ut einkilde stader der vi meiner det er spesielt viktig å hindre gjengroinga.

Slått av lokalt verdifulle jordbrukslandskap

Tilskotet blir gitt per dekar fulldyrka eller overflatedyrka areal. Det skal haustast avling på minst 350 kg tørrstoff per dekar på areala i løpet av vekstsesongen. Alternativt skal arealet beitast tilstrekkelig for å hindre gjengroing. Mange av bruka som er omtalt under er ikkje lengre aktive. Tilskot kan berre bli gitt til føretak som har rett til produksjonstilskot, og som leiger areal på desse bruka.

Satskode	Slått av lokalt verdifulle jordbrukslandskap	Førebels sats
1.1.1.101	Øyer/holmer/veglause område. I Forsand kommune gjeld ordninga i desse områda: Jordbruksareal øst for Lysefjordbruka som ligg ved Lysefjorden. I Bjerkreim kommune gjeld ordninga: Dyrskog ved Ørsdalsvatnet.	540 kr /dekar
1.1.1.102	Fjellområde Ordninga gjeld for desse bruka i Suldal kommune; Littlehamar, Klungtveit, Mokleiv, Lali og Hamrabø.	200 kr/dekar

Maksimalt utbetaling per føretak er 50 000 kr.

Beite av lokalt verdifulle jordbrukslandskap



Beite av lokalt verdifulle jordbrukslandskap er delt inn i fem tiltaksklasser. Tilskot blir gitt per dyreeining. Det må vere same føretak som søker produksjonstilskot og RMP- tilskot for same dyr. I søknaden skal både tal dyreeiningar og storleiken på beitearealet førast opp. Viss søker ikke sjølv eig arealet som blir beitt, må avtale med grunneigar ligge føre.

Satskode	Beite av lokalt verdifulle jordbrukslandskap	Førerels sats
1.1.2.101	Øyer/holmar/veglause område I Forsand kommune gjeld ordninga i desse områda: Jordbruksareal øst for Lysefjordbruksa området ved Lysefjorden. I Bjerkreim kommune gjeld ordninga: Dyrskog ved Ørsdalsvatnet.	500 kr /dyreeining
1.1.2.102	Fjellområde Ordninga gjeld for desse bruka i Suldal kommune; Littlehamar, Klungtveit, Mokleiv, Lali og Hamrabø.	300 kr/dyreeinig

Ved søknad om beitetilskot skal tal dyreeiningar førast opp:

*Vaksen sau (tilsvarende kode 145 i produksjonstilskot) og geit = 1 dyreeining
1 mjølkekju/ammeku = 5 dyreeiningar
Hest/ungdyr av storfe = 3 dyreeiningar*

I kartet skal jordbruksarealet (summen av innmarksbeita, fulldyrka og overflatedyrka areal) dyra beitar på teiknast inn. Det er automatisk kontroll mot beitetrykk. For kvar dyreeining er det krav om 2 dekar jordbruksareal.

Verneområde

Tilskot blir gitt til dyr som beiter i definerte område som er verna etter naturvernlova. Områda må ligge i Rogaland fylke.

- Beiteområda skal teiknast inn i kartportalen
- For området skal det vere eigen skjøtselsplan som styresmakta som forvaltar verneområdet skal godkjenne. Planen kan vere utarbeidd av beitelag, landbruksrådgivinga, kommunen eller andre. For store samanhengande beiteområde kan det med fordel bli utarbeidd ein samla plan for heile området
- Dyra må beite i området i minst 8 veker.

Område som er kvalifisert for tilskot til verneområde, sikra friluftsområde, kystlynghei, skjøtsel av biologisk verdifulle areal, beite av biologisk verdifulle areal kan ikkje få doble tilskot.

Satskode	Verneområde	Førebels sats
1.1.2.105	Dalane: Førland/Sletthei Jæren: Børaunen, Vigdelveden, Kyllesvatnet, Frøylandsvatnet. Orrevatn-Borsok, Malenes, Nese, Urådalen, Lyngaland, Linemyra, Trollhaugmyr, Ragstjørn, Frafjordheiene, Brusand, Synesvarden	25 kr /dyreeining
	Haugalandet: Øvre Eide, Heiavatnet, Årviksholmane-Nautøy, Gåsholmen, Årviksholmen, Lindøy	
	Ryfylke: Nordre Rennesøy, Vignesholmane, Målandsdalen, Frafjordheiene, Setesdal/Vesthei- Ryfylkeheiene, (Lyseheiene), Vormedalsheia, Lusaheia, Kvanndalen, Dyraheio, Nord-Talje	

Areal m/spesielle verdiar

Areal med spesielle verdiar gjeld sikra friluftsområde der beite er nødvendig. Eit område blir rekna som sikra når det offentlege har kjøpt det eller har leigeavtale som gjeld i minst 20 år.

Det kan bli gitt tilskott til beiting i følgjande område:

Satskode	Areal med spesielle verdiar:	Førebels sats
1.1.2.103	Dalane: Auglend	
Jæren:	Lindøy, Langøy, Store Marøy, Risnes i Tananger, Jåsund, Vigdelsstranda, Dalsnuten- Revholdstjern, Gramstad, Revholen, Tinghaug/Krosshaug, Melsvatnet, Øygard, Vaulen på Brusand. Lierdalen i Stavanger	25 kr /dyreeining
Haugalandet:	Vesterøy/Austerøy, Førland, Lindøy, Ognahabn, Romsa, Søre Børøyholmen	
Ryfylke:	Nord-Talje, Sauøy, Knausen, Rossøy, Sjubbeholsvågen, Kadlaneset, Lineholmane, Fjøløy fort	

Område som er kvalifisert for tilskot til verneområde, sikra friluftsområde, kystlynghei, skjøtsel av biologisk verdifulle areal, beite av biologisk verdifulle areal kan ikkje få doble tilskot.

Skjøtsel av bratt areal

Tilskot blir gitt til jordbruksareal (fulldyrka areal, overflatedyrka areal eller innmarksbeite) som har ei helling på 1:5 eller brattare. Det er den som søker produksjonstilskot på arealet som skal søkje RMP-tilskotet.

- Arealet må haustast anten ved slått eller beite, og må drivast slik at det har normal fôrkvalitet og produksjon.
- Du må minst ha 15 dekar bratt jordbruksareal for å kunne søkje.

Satskode	Skjøtsel av bratt areal	Førebels sats
1.2.4.109	Helling 1:5	55 kr/dekar
1.2.4.110	Helling 1:3	57 kr /dekar

Biologisk mangfold



Foto: Arne J. Lyshol. Selsfjellet mot Mosterøy

Jordbruket er viktig for å ta vare på biologisk mangfold. Mange artars levesett er knytt opp til ulike driftsmetodar i jordbruket. Med naturmangfaldlova blei omsynet til biologisk mangfold forsterka. I Regionalt miljøprogram er det viktig å understreke at tilskot skal gå til føretak som har aktiv skjøtsel av definerte naturverdiar, og skal ikkje sjåast på som ei erstatningsordning for ulike lovpålegg etter naturmangfaldlova.

Skjøtsel av slåttemark

Slåttemark er ein utvald naturtype etter naturmangfaldlova. Det blir gitt tilskot til areal som er registrert som slåttemark i Miljødirektoratret sin database, Naturbasen.

Vilkår:

- ✓ Du må kunne gjøre skriftleg greie for korleis skjøtselen har vore. T.d. med omsyn til beitetidspunkt, beitetrykk og slåttetidspunkt.
- ✓ Det skal ikkje brukast kjemiske plantevernmidlar, mineralgjødsel eller husdyrgjødsel med mindre det er i samsvar med godkjend skjøtselsplan.
- ✓ Arealet må slåast etter at dei viktigaste blomane har avblomstra.

Satskode		Førebels sats
2.3.7.000	Skjøtsel av slåttemark	1000 kr /dekar

Skjøtsel av kystlynghei

Kystlyngheia er utvikla i yngre steinalder gjennom at områda blir svidd og tatt i bruk som beite. Endra driftsformer med mindre beite i denne typen landskap, gjer at dei store samanhengande lyncheiane er i ferd med å forsvinne. Gjennom denne ordninga ønskjer vi å legge til rette for aktiv bruk av kystlynghei, særleg område med stor natur- og kulturhistorisk verdi. Kystlynghei blei i 2015 definert som utvald naturtype.

Tilskot til kystlynghei er endra i 2016. Tilskot per dyreeining i B- områda er tatt bort. Særleg høg sats i utvalde område er også tatt bort.

Ny ordning er:

Satskode		Førebels sats
2.4.9.200	Verdifull kystlynghei For område som er registrert med verdi B i Naturbasen	40 kr/dekar
2.4.9.201	Særleg verdifull kystlynghei. For område som er registrert med verdi A i Naturbasen	60 kr /dekar

Maksimalt tilskot per føretak er 50 000 kr

Generelle vilkår:

- ✓ Arealet det søker på skal merkast av i kartportalen.
- ✓ Skjøtselsplan skal vere utarbeidd av eigna faginstans og skal godkjennast av kommunen. Planen skal leggjast ved søknaden.

Areal som det blir gitt tilskot til må vere registrert som kystlynghei verdi A eller verdi B i Miljødirektoratet sin database «Naturbasen».

Du må ha godkjend skjøtselsplan utarbeidd av eigna faginstans

- ✓ Beitetrykket skal vere slik at arealets eigenart blir opprettholdt. Ved for hardt beitetrykk tek grasartane over. Ved for svak beiting vil røsslyngen forvede seg og førverdien blir redusert. For å unngå dette må det beites jamt og eventuelt brennast der røsslyngen har blitt for gammal
- ✓ Området skal ikkje jordarbeidast, planerast eller tilførast gjødsel, kalk, såfrø eller plantevernmidlar.
- ✓ Automatisk freda kulturminne og nyare tids kulturminne på omsøkt areal skal haldast ved like.



Skjøtsel av styvingstrær

Mange stader i Rogaland har det frå gammalt av vore vanleg å hauste lauv på tre som før til dyra. Dette har ført til at trea har ei spesiell form. Styvingstrea syner godt igjen i landskapet, og står att som fine historiske dokument frå haustingssjordbruket. Dei kan også vere viktige biotopar for sjeldne lavartar og liknande.

For at desse trea ikkje skal bli "overgrodd", vil det vere behov for jamleg vedlikehald. Det blir gitt tilskot til regelmessig skjøtsel av styvingstre. Ordninga er først og fremst retta mot eksisterande styvingstre, men dersom det blir etablert nye styvingstre, vil også desse kunne få tilskot. Ved etablering av nye styvingstre, kan det ikkje bli gitt tilskot før etter at trea er styva første gong. Tilskotet blir berre gitt til styva tre av følgjande treslag: Alm, Ask, Eik, Lind, Selje.

Vilkår:

- ✓ Areal med styvingstre skal vere teikna inn på kart.
- ✓ Du må kunne gjere skriftleg greie for skjøtselen av rea.
- ✓ For å ha rett på tilskot, må trea skjøttast minst kvart 6. år. Skjøtselen må tilpassast type tre og driftsopplegg. Tilskotet blir likevel utbetalt kvart år. Fyrste utbetaling kan bli gjort det fyrste året treet blir styva.
- ✓ Tre må ikkje ha omfattande beiteskadar.

Satskode		Førebels sats
2.4.11.000	Skjøtsel av styvingstre	80 kr / tre

Maksimalt tilskot per føretak er 50 000 kr.

Slått av biologisk verdifulle areal

I denne ordninga blir det gitt tilskot til biologiske verdifulle areal som blir drevet på ein slik måte at kvalitetane blir oppretthaldt. Tilskotsordninga gjeld berre dei areala som er registrert i Direktoratet for Naturforvaltning sin database, Naturbasen i følgjande kategoriar:

A01 – Intakt låglandsmyr A03 -Terregndekkande myr,
A05 - Rikmyr A07- kystmyr
D07- slåtte og beitemyr D05 - Kalkrike enger.

Områda må ha verdiklassifisering A eller B. Myrareal må grense inn mot innmarksareal (fulldyrka jord eller innmarksbeite).

Vilkår:

- ✓ Areala skal teiknast inn på kart.
- ✓ Det kan ikkje vere gjort inngrep i myra som t.d. grøfter og kanalar.

- ✓ Areala skal ikkje gjødslast med husdyrgjødsel eller mineralgjødsel. Dei skal heller ikkje sprøyta med kjemiske plantevernmidlar så framt dette ikkje er ein del av ein godkjend skjøtsel.
- ✓ Oppslag av buskar og tre skal haldast nede.
- ✓ Automatisk freda kulturminne og nyare tids kulturminne på omsøkt areal skal haldast ved like.

Satskode		Førerels sats
2.4.12.000	Slått av biologisk verdifull areal	150 kr /dekar

Maksimalt tilskot per føretak er kr 20 000,-.

Areal som det blir gitt tilskot til må vere registrert som naturbeitemark med verdi A i Miljødirektoratet sin database «Naturbasen».

Du må ha godkjend skjøtselsplan utarbeidd av eigna faginstans

Beite av biologisk verdifulle areal

Det blir gitt tilskot per dekar naturbeitemark som blir beita. Naturbeitemark er grasmark som er påverka av lang tids beite og som ikkje er gjødsla eller kalka. Dei er verdifulle område då dei er artsrike, og viser historisk beitebruk.

Satskode		Førerels sats
2.4.13.000	Beite av biologisk verdifulle areal	50 kr/dekar

Maksimalt tilskot per føretak er kr 50 000,-.

Tilrettelegging av fuglebiotop

Det er ønskjeleg å stimulere til beiting ved dei grunne, fuglerike vatna i Rogaland som er verna som våtmarksreservat. Det blir derfor gjeve eit tilskot i avgrensa område for ugjødsla beiting med moderat beitetrykk for å syte for rett skjøtsel av viktige våtmarksbiotopar.

Areal som det blir gitt tilskot til må vere teinka inn på Temakart Rogaland, RMP. Sjå www.temakart-rogaland.no/rmp.

Vilkår:

- ✓ Arealet det blir gitt tilskot til skal vere teikna inn på kart
- ✓ Skjøtselplan skal leggjast ved søknaden, og skal godkjennast av kommunen.
Skjøtselsplanen skal sikre at beitinga i verneområde skal vere i samsvar med vernereglar og forvaltningsplanar.
- ✓ Det skal ikkje gjødslast eller leggjast tilleggsfør på tilskotsarealet.
- ✓ Beitedyra skal ha tilgang til strandsona slik at denne ikkje gror til med takrøyr m.m..

Satskode		Førerels sats
2.4.15.000	Tilrettelegging av fuglebiotop	400 kr/dekar

Kulturminne



Foto: Jens Flemming Krøger

I Rogaland finst det i dag om lag 20 000 automatisk freda kulturminne (det vil seie kulturminne eldre enn 1537 e.Kr). Kulturminna er ein viktig del av kulturarva vår. Gjennom Regionalt miljøprogram blir det gitt tilskot for å støtte aktiv skjøtsel av områda, og for at det i drifta av jordbruksarealet blir tatt ekstra omsyn.

Generelle vilkår:

- ✓ Kulturminnet må vere synlege og registrert i databasen Askeladden.
- ✓ Du må kunne gjøre skriftleg greie for korleis skjøtselen av kulturminna har vore.
- ✓ Det skal vere ein skånsam og aktiv skjøtsel av områda enten gjennom beiting eller ved at trer og buskar fjernast manuelt. Ryddar du bort tre skal røter stå igjen slik at kulturminne ikkje blir skada
- ✓ Store særeigne tre i området kan ein la stå.
- ✓ Det skal ikkje gravast på, eller ved eit kulturminne, og det skal ikkje fjernast masse eller torv frå området.
- ✓ Det skal ikkje køyrast på eller kloss inntil kulturminnet. Dersom det må brukast traktor eller andre tunge reiskap ved t.d. fjerning av hogstavfall skal det skje på vinteren mens det er tele i bakken.

Dispensasjonar

I særskilte tilfelle kan det bli gitt dispensasjon slik at også andre kulturminne kan få tilskot per enkelminne. Dette gjeld automatisk freda kulturminne/- miljø av stor regional eller nasjonal verdi som har vesentlege publikumsinteresse eller opplevingsverdi, eller som er svært sjeldne og har skjøtselsbehov. Kulturminna det søker dispensasjon for må vere godt ivaretekne.

Skjøtsel av gravminne

Tilskotet blir gitt per enkeltminne som etter kulturminnelova er eit gravminne. Med gravminne meinast automatisk freda gravhaugar, gravrøyser, gravkammer, steinleggingar, kistegraver og kyrkjegardar. Gravminna kan ligge enkeltvis.

Du må ha minst 3 eller fleire registrerte synlege enkeltminne for å ha rett til tilskot. Lokaliteten gravminna ligg i må ligge på eller i direkte tilknyting til jordbruksareal (innmarksbeite, overflatedyrka jord og fulldyrka jord). Ein lokalitet i databasen Askeladden er eit avgrensa område med eit eller fleire enkeltminne.

Skjøtsel av andre automatisk freda kulturminne

Tilskotet blir gitt per dekar automatisk freda kulturminne. Kulturminna må ligge på, eller i direkte tilknyting til jordbruksareal (innmarksbeite, overflatedyrka jord og fulldyrka jord), og vere synlege.

Du må ha minst 15 dekar med registrerte kulturminne for å kunne søkje tilskot. Der registreringane i Askeladden også er på fulldyrka mark som kan drivast på vanleg måte, skal dette arealet trekkast i frå total areal med kulturminne. Gravminne som det er gitt tilskot til gjennom "skjøtsel av gravfelt" skal trekkjast frå arealgrunnlaget. I søknaden skal det i tillegg førast opp kor mange ulike lokalitetar det søker tilskot til.

Satskode		Førebels sats
3.8.26.303	Skjøtsel av andre automatisk freda kulturminne - beite	100 kr/dekar
3.8.24.000	Skjøtsel av gravminne	500 kr/stk

Maksimalt tilskot for ordninga skjøtsel av gravminne, og skjøtsel av andre automatiske kulturminne er kr 14 000,-

Friluftsliv



Gåturar gjennom jordbrukslandskapet gir gode opplevingar, og er verdifulle både for folkehelsa og befolkninga si oppleveling av jordbruket. Tilskot til turstiar skal stimulere til, og gi betaling for at jordbruksføretak legg til rette for ferdsel på eigedomen. Tilrettelegging er med på å styre ferdsla til dei områda grunneigar ønskjer. Slik tilrettelegging kan vere med på å dempe konfliktar mellom gradbrukar og turgårar.

Vedlikehald av ferdelsårar i jordbrukslandskapet

Gjennom denne ordninga kan ein få tilskot til vedlikehald av turstiar som går over eller i kanten av innmarksareal (fulldyrka areal, overflatedyrka areal, innmarksbeite og skogplantefelt). Ein kan også få tilskot til landbruksvegar som går i kanten av innmarksareal dersom desse er ein del av ein samanhengande, merka tursti. Kommunen kan avslå turstiar som ikkje passer inn i eit naturleg nettverk av turstiar. Det blir ikkje gitt tilskot til offentleg veg langs dyrka mark.

Skogplantefelt er område som er tilplanta eller tilsådd med skog. For at eit område skal kunne rekna som skogplantefelt, må det ha nokolunde tett og regelmessig tilplanting. Når plantene etter nokre år har vekse til (nådd omrent knehøgde), og blitt meir hardføre overfor ferdsel, kan ikkje området lengre sjåast som skogplantefelt i friluftslovens forstand.

Generelle vilkår for turstiar

- ✓ Turstien skal vere teikna inn på kart
- ✓ Turstien skal vere godt merka og skilta i terrenget og vere lett tilgjengeleg.
- ✓ Turstien skal vere avmerka på eit kart: offentleg kjent turkart (M711 eller eit anna turkart) eller kommune plankart. Ta kontakt med kommunen for informasjon om turstien på din eigedom er teikna inn på eit kart. I vurderinga av om turstien kan merkast av på kart, skal

- kommunen ta omsyn til om turstien er/blir ein naturleg del av ei rundløype eller turstinettverk
- ✓ Turstiane må liggje på eigen eigedom, alternativt må det føreliggje ein avtale om vedlikehald med grunneigar.

Turstiar med høg tilrettelegging

Det blir gitt eit høgare tilskot til turstiar som ligg nær regulerte bustadfelt og/eller turstiar som ligg innanfor "grøntstruktur" i "Fylkesdelplan for byutvikling på Jæren" og i "Fylkesdelplan for areal og transport på Haugalandet".

Vilkår:

- ✓ Turstien skal ligge innanfor en radius på 3 km målt i luftlinje frå regulerte bustadfelt, eller innanfor "grøntstruktur" i "Fylkesdelplan for byutvikling på Jæren" og i "Fylkesdelplan for areal og transport på Haugalandet".

Turstiar med lav tilrettelegging

Turstiar som ligg lengre unna regulerte bustadfelt enn 3 km målt i luftlinje blir rekna som turstiar med lav tilrettelegging. Det blir også gitt tilskot til gamle stølsvegar og vegar til fråflytta fjellgardar med kulturhistorisk interesse. Det vil berre bli gitt tilskot til den delen av stølsvegen som tydeleg ber preg av synlig tilrettelegging (oppbygging, steinsetting eller liknande), eller som har behov for jamleg skjøtsel. Det blir ikkje gitt tilskot til bilveg/traktorveg.

Satskode		Førebels sats
4.10.30.400	Turstiar med høg tilrettelegging	6 kr/meter
4.10.30.401	Turstiar med låg tilrettelegging	4 kr/meter

Avrenning til vassdrag og kyst



Foto: Arne J. Lyshol. Reinsepark

Diffus næringsavrenning fra jordbruket er ei kjelde til eutrofiering av vassdrag. Føremålet med tiltaka er å redusere tapet av næringsstoff og plantevernmiddel. Vassdrag som etter Vassdirektivet si klassifisering er sterkt påverka av jordbruk, og som har dårlig vasskvalitet er prioritert.

Fangvekstar etter hausting

Fangvekstar er vekstar som blir sådd for å samle opp næringsstoff og redusere jorderosjonen etter at hovudveksten er hausta. Fangveksten kan haustast ved slått eller beiting under føresetnad av at dette ikke fører til vesentleg dårligare effekt pga. køyreskadar eller betydelege skadar etter hard beiting og tråkk.

Vilkår:


- ✓ Fangveksten må etablerast så tidleg i sesongen at den er godt etablert til hausten.
- ✓ Arealet skal ikke jordarbeidast, sprøytes eller gjødslast om hausten, og før 1. mars neste år.
- ✓ Frøblandingen skal innehalde maksimalt 15 % belgvekstar, og skal ikke vere lik hovudveksten det året det sås, eller året etter. Attlegg til eng er ikke å sjå på som fangvekst i denne samanhengen.

Satskode		Førebels sats
5.11.35.000	Fangvekstar etter hausting	100 kr/dekar

Ugjødsbla randsone i eng



Foto: Nono Dimby. Ugjødsbla randsone i eng



Prinsippskisse

Det kan gjevast årleg tilskot til ugjødsbla randsoner med gras på fulldyrka og overflatedyrka areal langs vatn, elvar, bekker og kanalar som er utsett for næringsavrenning frå jordbruket. Kjøreveg på dyrka areal er ikkje å sjå på som randsone i denne samanhengen. Det er ønskjeleg at randsona med gras skal vere mest mogleg permanent. Fylkesmannen avgjer kva vassdrag dette gjeld. For å ha rett på tilskot, må det søkjast om minst 50 meter ugjødsbla randsone.

Vilkår

- ✓ Randsonen skal vere med fleirårig gras, og vere minst 5 meter brei.
- ✓ Randsonen skal haustast ved slått eller beiting.
- ✗ Det kan ikkje gjødslast i randsonen, og det skal heller ikkje brukast plantevernmiddel.
- ✓ Sonen skal vere mest mogleg permanent. Fornying kan likevel skje. Dersom dette er aktuelt må jordarbeiding og tilsåing skje på våren og innan 1. juli.
- ✓ Sonen må starte nærmare enn 20 meter frå vasskanten.

Tilskot til ugjødsbla randsoner og vegetasjonssoner gjeld i følgjande område:

Virkeområdet for miljøvenleg gjødselspreiing, sjå side 22

Dalane:	Hellelandsvassdraget og nedre del av Hålandselva
Haugalandet (tillegg til virkeområdet for miljøvenleg spreiing):	Viksevassdraget, Vikåna, Langåkeråna,
Ryfylke:	Skartveitvatnet, Hauskevatnet, Vostervatnet, Nordlandsvatnet, Hetlandsvatnet, Espedalsvatnet

Vegetasjonssone

Det kan gjevast årleg tilskot til vegetasjonssone av fleirårlige grasvekstar langs vatn, elvar, bekker og kanalar på areal kor det dyrkast korn grønsakar eller potet. Fylkesmannen avgjer kva vassdrag dette gjeld for. For å ha rett på tilskot må det søkjast om minst 50 meter vegetasjonssone. I søknaden skal tal dekar randsone først opp (1 dekar =1000m²)

Generelle vilkår:

- ✓ Vegetasjonsona skal vere på fulldyrka areal, og vere minst 10 meter brei
- ✓ Det kan ikkje gjødslast i vegetasjonsona, og det skal heller ikkje brukast plantevernmiddel. Område skal vere innteikna på kart.

- ✓ Sonen skal vere mest mogleg permanent. Fornying kan likevel skje. Dersom dette er aktuelt må jordarbeiding og tilslåing skje på våren og innan 1. juli.
- ✓ Sonen må starte nærmere enn 20 meter frå vasskanten.

Satskode		Førebels sats
5.11.37.000	Ugjødsla randsone i eng:	7 kr/meter
	Vegetasjonssonar:	Førebels sats
5.11.38.511	Potet/grønsaker Tilskotet blir gitt til vegetasjonssonar med fleirårig gras avsett i potet- eller grønsaksareal.	30 kr /meter
5.11.38.510	Korn Tilskotet blir gitt til vegetasjonssonar med fleirårig gras avsett i kornareal	30 kr/meter

Vedlikehald av fangdammar



Dei siste tiåra er det gitt tilskot til etablering av om lag 300 reinseparkar/ fangdammar i Rogaland. Slike reinseparkar har vist seg å ha god effekt i forhold til å dempe avrenninga av næring frå jordbruksareal, særleg for fosfor. For at reinseparkane skal ha god effekt er det behov for jamleg vedlikehald og tøyming av dammane for sediment/botnfall.

Vilkår:

- ✓ Fangdammen må minst vere 3 år før tilskotet kan utbetalast første gong
- ✓ Det skal leggjast fram dokumentasjon for utgifter til oppreinsking. Tilskotet kan maksimalt utbetalast ein gong kvart 3. år

Satskode		Førebels sats
5.12.54.000	Vedlikehald av fangdammar Tal dekar må først opp i søknaden	12 000 kr/fangdam

Maksimat utbetaling 12 000 kr.

Miljøavtale

Miljøavtale er ein avtale mellom landbruksforvaltning og landbruksføretak med hensikt om å redusere fosforavrenning frå jordbruket til vassdrag, og få til meir optimal utnytting av husdyrgjødsel i vekstsesongen. Miljøavtalen gjeld i nedslagsfeltet til vassdrag definert av Fylkesmannen. Trinn 1 gjelder for dei første 3 åra med miljøavtale, mens trinn 2 gjelder for dei neste tre åra der ein har valt å gå vidare med avtalar. Tilskotet blir gitt for fulldyrka og overflatedyrka areal som er i nedslagsfeltet til vassdraget. Underteikna avtale gir landbruksforvaltninga rett til å innhente og samanstille opplysningar om jorda sin fosforstatus. Maksimalt tilskot per føretak er 50 000 kr. På søknaden må du krysse av for at husdyrgjødsla er spreidd innan 10. august.

Vilkår:

- ✓ Kopi av miljøavtalen skal leggjast ved søknaden.
- ✓ Gjødsling med husdyrgjødsel og mineralgjødsel skal vere i tråd med plantane sitt behov, og ikkje overskride tillatne mengder fosfor som er definert i avtalen.
- ✓ Det skal først årleg gjødslingsplan og gjødslingjournal for alt areal føretaket disponerer. Gjødslingsjournal skal leggast ved søknaden.
- ✓ Aktuelle tiltak omtalt i miljøavtalen del A. skal vere følgt opp.
- ✓ Jordprøveanalysane skal ikkje vere eldre enn 5 år.

Område i trinn 1:

Følgjande vassdrag er i trinn 1:

- Tverråna (2015-2017)
- Salteåna (2016-2018)
- Stangelandsåna (2016-2018)
- Storåna (2016-2018)
- Utvalde bekkefelt i Finnøy kommune (2016-2018)

Område i trinn 2

Følgjande vassdrag er i trinn 2:

- Vatsvatnet og Landavatnet i Vindafjord kommune (2015 -2017)
- Hålandsvatnet i Randaberg kommune og Stavanger kommune (2016-2018)
- Timebekken i Time kommune (2016-2018)
- Nordre og Søndre Varhaugsåna (2016 -2018)
-

Satskode	Miljøavtale	Førebels sats
5.11.43.520	Trinn 1	60 kr/dekar
5.11.43.521	Trinn 2	50 kr/dekar

Miljøvenleg spreiing av husdyrgjødsel



Foto: Anne Grete Rostad. Spreieutstyr for nedlegging av husdyrgjødsel med slangetilkopling til gjødsellager

Husdyrgjødsel er ein verdifull ressurs i jordbruket. Spreiemetodar som gjer at gjødsla raskare kjem i kontakt med jord førar til mindre tap av næringsstoffar. Metodane gir mindre tap av ammoniakk til luft, mindre næringsavrenning til vassdrag og mindre lukt i samband med spreieninga.

I denne samanheng meinast med miljøvenleg spreiing bruk av utstyr som legger gjødsla heilt ned på bakken, nedlegging, utstyr som skyt gjødsla ned i jorda, nedfelling eller nedmolding av gjødsla innan 2 timer. Det kan søkjast tilskot til overflatedyrka og fulldyrka areal kor miljøvenleg metode er nytta ved alle gjødselingane med husdyrgjødsel. Maksimalt tilskot per føretak er 50 000 kr. På søknaden må du krysse av for at husdyrgjødsla er spreidd innan 10. august.

På areal det søker tilskot til må utstyret brukast ved alle gjødselingane med husdyrgjødsel

Det er knytt følgjande vilkår til ordninga:

- Arealet det søker tilskot på skal teiknast inn i kart.
- All husdyrgjødsel føretaket disponerer skal brukast i samsvar med forskrift 4. juli 2003 nr. 951 om gjødselvarer mv. av organisk opphav.
- All husdyrgjødsel brukt på omsøkt areal må vere spreidd på miljøvenleg måte. Det må minst bli spreidd 5 kg total-Nitrogen per dekar.
- Ved spreiening må det ikkje bli brukt så store mengder at det fører til overflateavrenning av gjødsla.

- e) Areala som får tilskot må haustast eller beites etter spreiling same år.
- f) Siste frist for å spreie husdyrgjødsel på omsøkt areal er 10. august.
- g) Det må bli ført skiftenoteringar som viser kva tid det er gjødsla på dei ulike teigene, samt kor mange m³ som er køyrd på.
- h) Ved leige av utstyr må det ligge føre kvitteringar som kan dokumentere leiga.

Tilskotet er avgrensa til definerte område fastsett av Fylkesmannen:

Rogaland fylke:	Areal som blir drivne økologisk
Heile kommunane:	Vindafjord, Randaberg, Sola, Stavanger, Sandnes, Time, Klepp og Hå
Område i Tysvær kommune som drenerer til	Grindafjorden og Skjoldafjorden nord for Borgøya
Område i Gjesdal kommune som drenerer til	Figgjovassdraget

Nedlegging eller nedfelling

Tiltaket gjeld spreiling av husdyrgjødsel i veksande kultur, open åker og stubb der gjødsla anten blir ført direkte ned i bakken, mekanisk eller ved hjelp av høgt trykk nedfelling: DGI) eller den blir ført i slangar eller rør heilt ned på bakken (nedlegging: stripespreiar). Ut i frå kva areal gjødsla blir spreidd på skal tal dekar først opp anten under «veksande kulturar» eller «open åker eller stubb». Det er kategorien arealet har på telledato 31. juli som avgjer om det skal definerast som veksande kulturar eller open åker eller stubb.

Bruk av tilførselsslangar

Der det i tillegg til bruk av utstyr for nedfelling eller nedlegging av gjødsla blir brukt slangeutstyr, kan det søkast om ekstra tilskot til dette. Med slangeutstyr meinast slangar eller rør som fører gjødsla ut på arealet fram til spreieren. Tilførselsslangane må brukast ved alle gjødslingane med husdyrgjødsel på omsøkt areal.

Spreiling med rask nedmolding

Harving eller pløyning etter overflatespreiling av husdyrgjødsel innan to timer etter spreiling, slik at gjødsla dekkes av jord eller blandast inn i det øvste jordlaget (nedmolding).

Satskode		Førebels sats
	Nedlegging eller nedfelling	
6.13.56.600	Veksande kulturar Med veksande kultur meinast eng eller haustkorn om våren.	80 kr/dekar
6.13.56.601	Open åker eller stubb Med open åker eller stubb meinast areal der det blir sådd korn, belgvekstar, grønsaker eller potet.	50 kr/dekar
6.13.57.000	Bruk av tilføringsslangar	50 kr/dekar
6.13.58.000	Spreiling med rask nedmolding	30 kr/dekar

Maksimal utbetaling per føretak er kr 50 000,-



Foto: Nono Dimby

**Fylkesmannen i Rogaland
Pb 59
4001 Stavanger
www.fylkesmannen.no/rogaland**